

Fekk stipend for talantar

24.06.2011

Den unge og lovande musikaren Ruben Aksnes (19) frå Uskedalen har fått TONOS ungdomsstipend for unge talantar. Stipendet er på 10.000 kroner. TONO er ein organisasjon som foirvalter rettighetene til muskarane.

Ruben, som spelar bass, er med i gruppa Jitney i Odda. I tillegg er han med i fleire band i Trondheimsområdet, der han har gått på skule. Han er også med på å lage låtar for banda.

Ruben fekk stipendet mellom anna for hard og målretta jobbing innanfor musikken.

Han og broren Sindre (no 16 år) kom flyttande hit frå Odda for 6 år sidan. Sindre er ein lovande trommeslagar.

Ruben har som mål å verta muskar på heiltid og vidare musikkutdanning ligg difor truleg forut. Han har no fullført påbyggjingsåret sitt i Trondheim og skal ha sommarjobb på Boliden i Odda.

Av Ola Matti Mathisen